

---

**Fra:** Arnstein Sæthre <radgjevar.skodje@storfjorden.kyrkja.no>  
**Sendt:** 13. mai 2015 08:51  
**Til:** KR-Postmottak  
**Emne:** Høyrings svar Skodje sokneråd

Skodje sokneråd handsama i møte 30. april i sak 11/2015 høyringsdokumentet «Veivalg for fremtidig kirkeordning».

Rådet har 9 voterande.

5 medlemmer røysta for alternativ 1 til fråsegn, 3 medlemmer røysta for alternativ 2, 1 medlem røysta blankt.

*5 medlemmer i Skodje sokneråd røysta for denne fråsegna:*

### **Høyrings svar om framtidig kyrkjeordning - Skodje sokneråd**

*1 Bør det gjeres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?*

1. Ja. (alt. B frå kyrkerådet)

Sokna sitt sjølvstende må styrkast. For mange ressursar og avgjerder er i dag lagde til kyrkjeleg fellesråd. Fellesrådsoppgåvene kan fordelast mellom sokneråd og bispedømeråd. Sistnemnde kan ha det formelle arbeidsgjevaransvaret, medan sokneråda godt kan ta hand om den daglege drifta og forvaltning av kyrkje og kyrkjegard. Små sokn kan samarbeide med andre.

*2 Deler høyringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?*

2 Nei.

Slik ordninga er i dag, når kyrkjeleg fellesråd har ansvar for drifta, og kommunen berre har ansvar for finansieringa, får kommunestyra altfor lite innsikt i den kyrkjelege drifta til å kunne gi ei rett overføring til kyrkja. Det vert ikkje ei reell prioritering. I staden vert overføringa til kyrkja sett til det same som året før, eller utifrå kor mykje kommunen har til overs når andre gode føremål vert tilgodesett.

*3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høyringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.*

3. Direkte statleg finansiering.

På same måten som staten i dag finansierer kommunane utifrå ei rekkje pluss- og minuskriteriar, kan også sokna finansierast. Om midlane kjem frå skatteinntekter eller livssynsavgift er likegyldig.

*4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?*

4. Avvikle kyrkjeleg fellesråd eller innføre større bispedøme.

Primært ynskjer vi å avvikle kyrkjeleg fellesråd, og at bispedømet overtek arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette, ikkje berre prestane. Dersom ordninga med kyrkjelege fellesråd skal halde fram, må bispedøma gjerast større. Ei omfattande kommunereform er på gang, og frå 2020 kan det etter nokre modellar verte så få som 4-6 kommunar i Møre bispedøme.

*5 Har høyringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?*

5. Kwart sokn bør ha ein sokneprest.

Sokn som i dag er så små at dei må dele sokneprest med eitt eller fleire andre sokn, kan med fordel slåast saman. Ein sokneprest bør ikkje ha meir enn eitt sokn å forhalde seg til.

*6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?*

6. Nei. (alt. B frå kyrkjerådet)

Soknerådet bør vere einaste organ for soknet. Dette er ikkje til hinder for at dei samarbeider med andre sokn, eller at dei gjennom avtale kan overlate enkeltoppgåver til andre føretak. Det viktige er at det er soknerådet som tek alle avgjerder på vegne av soknet.

*7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?*

7. Fellesorgan på bispedømmenivå.

Eit lovpålagt fellesorgan kan vere dagens bispedømme. Dei har allereie arbeidsgivaransvaret for prestane. Det burde ikkje vere større utfordringar om alle yrkesgrupper er tilsette her. Sokna sjølv kan avtale samarbeidsformer på andre nivå, innanfor kommune eller prosti, eller utifrå andre lokale føresetnader.

*8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?*

8. Ja.

Kyrkjeleg fellesråd bør meir vere eit serviceorgan, som utfører tiltak på bestilling frå sokneråda. Sokna bør sjølv har råderett og prioriteringsrett over den økonomiske ressursen.

*9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?*

9. Ja. (alt. 1A frå kyrkjerådet)

Det synest ikkje naturleg at ei yrkesgruppe skal underleggjast eit anna styringsansvar enn dei andre. Det faglege tilsynet må likevel ivaretakast av biskopen eller biskopen sine organ.

*10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?*

10. Soknet må ha ein dagleg leiar som ikkje har andre profesjonsoppgåver. (alt. 2C )

Soknet sin daglege leiar vil ha ansvar for saksutgreiing og gjennomføring av soknerådet sine vedtak. Det er eit allmennt prinsipp i offentleg forvaltning at dagleg leiar har innstillingsrett, men ikkje røysterett. For å ivareta dette demokratiske prinsippet og samstundes sikre at soknepresten har røysterett i soknerådet, seier det seg sjølv at presten ikkje kan vere dagleg leiar. Presten har frå før eit åndeleg og pastoralt leiaransvar, og må kunne skjøtte dette ansvaret uavhengig av det økonomiske og administrative. Verken prest, kantor, kateket eller diakon bør tilleggast rolla som dagleg leiar. Leiaren må ha ei tverrfagleg tilnærming, og kunne gjennomføre soknerådet sine vedtak uavhengig av kan han/ho sjølv måtte meine. I små sokn kan leiaren eventuelt ha mindre tilleggsoppgåver som klokkar eller kyrkjetenar. Det kan også tenkjast at to eller fleire små sokn samarbeider om felles dagleg leiing.

*11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?*

11. Biskopen sitt tilsyn kan gjelde alle vigsla stillingar. (alt. B)

Arbeidsgivaransvaret bør likevel ligge til soknet sine organ for alle stillingar. Konfliktsituasjonar kan lett eskalere når ikkje berre medarbeidarar står mot kvarandre, men også arbeidsgivarar. Prestane vil naturleg ha ein særleg relasjon til biskopen, men også andre vigsla medarbeidarar kan, om dei ynskjer det, stille seg under biskopen sitt tilsyn.

*12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?*

12. Biskopen kan ha innstillingsrett andsynes arbeidsgivar.

Tilsynsfunksjonen bør utviklast og tydeleggjerast, utan at biskopen utøver arbeidsgivarfunksjonar. Dersom tilsynet avdekkjer tilhøve som medfører at vigsla medarbeidarar etter biskopen sitt syn ikkje kan utøve oppgåvene, må biskopen innstille til arbeidsgivaren om å innføre tiltak.

*13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?*

13. Dagens ordning bør halde fram (alt. C)

Slik ordninga har fungert til no, har vi fått ei god spreing i alder, bakgrunn og teologisk ståstad for biskopane. Det synest å vere lite grunn til å endre på dette. Vi vil fråå ei rein valordning. Tilsynet for forvaltning av ord og sakrament bør underleggjast andre vurderingar enn den til ei kvar tid rådande fleirtalsoppfatninga.

*14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?*

14. Ja (alt. A)

Bispedømmerådet bør oppretthaldast som det tredje nivået, i tillegg til sokneråd og kyrkjemøte. Bispedømmerådet kan utøve arbeidsgivarfunksjonar på vegne av soknet. Det kan også opptre på oppdrag frå Kyrkjemøtet.

*15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?*

15. Arbeidsgivaransvar og støttefunksjonar.

Bispedømmerådet kan, i tillegg til å ha det formelle arbeidsgivaransvaret for kyrkjeleg tilsette, ha ansvar for støttefunksjonar for vigsla stillingar, slik dei har i dag med konsulentar for ulike fagområde.

*16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?*

16. Alle tilsette under bispedømmerådet (alt. A)

*17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ)*

17. Bispedømmerådet har arbeidsgivaransvar, biskopen har tilsynsansvar.

*18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?*

18. Lokale tilpasningar er som regel av det gode.

*19 Hvordan bør man på best måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre vigslende tjenester?*

19. Biskopen sitt tilsyn.

Særpreget til dei vigsla stillingane kan ivaretakast gjennom biskopen sitt tilsyn.

*20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?*

20. Kyrkjemøtet bør halde fram som no.

Kyrkjemøtet er Den norske kyrkja sitt øvste, representative organ, med dei unntaka som går fram av andre lover og ordningar.

*21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?*

21. Kyrkjemøtet bør samansetjast som no.

Positivt at bispedømmeråd og kyrkjemøtet er dei same personane. Dette kan sikre god kunnskap og lokal kjennskap i kyrkjemøtet.

*22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?*

22. Som fleirtalstilrådinga (alt. 1A)

*23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?*

23. Eit rådsorgan som arbeidsgivar, preses fører tilsyn.

Ei ordning som tilsvarer prestane sitt tilsetjingstilhøve i bispedømerådet, men under fagleg tilsyn av biskopen.

*24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?*

24. Dagens ordning er god (alt. 1A og 3A)

*25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?*

25. Bispemøtet kan vere lærenemnd (alt. A)

*26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?*

26. Dersom dagens ordning fungerer, kan ho halde fram.

*27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?*

27. Dersom dagens ordning fungerer, kan ho halde fram.

---

*3 medlemmer i Skodje sokneråd røysta for denne fråsegna:*

### **Høyrings svar om framtidig kyrkjeordning - Skodje sokneråd**

*1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?*

Svar:

*2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?*

Svar: Ja. Fellesrådet meiner det er mest aktuelt med ein kombinasjon av statleg, via Kyrkjerådet, og kommunal finansiering. Å fristille kommunane for økonomisk forplikting på kyrkjelege formål, vil lett kunne bli eit tap for kyrkja. Kyrkja har ein viktig posisjon i samfunnet og betyr mykje for folk i lokalmiljøet, både i høve til identitet og i høve til kyrkja som kulturinstitusjon. Folk kjenner seg knytte til kyrkja i soknet. Kommunal finansiering er også viktig dersom vi vil halde oppe kyrkja som ei folkekyrkje – ei kyrkje som skal vere tilgjengeleg for folk i heile landet

*3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.*

Svar: Då bør det vere ei livssynsavgift for alle. Det må ikkje bli slik at nokon kan velje bort eit ansvar for religion og livssyn i samfunnet.

Det er viktig å peike på at det må takast omsyn til at driftsutgiftene ikkje er dei same for organisasjonar og livssynsamfunn som ikkje har reglemessige samlingar og heller ikkje har

eigedomar i høve til kyrkjelydar som har kostnadskrevjande kyrkjebygg å drifte og ta vare på. Her må ein gå inn og finne gode løysingar der staten eller OVF er med og sikrar kyrkjebygga. Det vil også vere store skilnader på t.d Den norske kyrkja som har ei forplikting på å dekke heile landet, og andre kyrkjer som kan drive meir sentralisert.

*4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?*

Svar: Føresett at kommunereformen gir nye kommunar med ein storleik som minimum tilsvarer noverande prosti, kan bispedømeråda leggest ned som tilsettingsorgan og forvaltningsorgan. Då vil eit fellesråd/prostiråd på storleik med kommunen vere eit høveleg organ med arbeidsgjevaransvar for alle som arbeider i kyrkja lokalt, og ressursar kan frigjerast.

*5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?*

Svar: Sokna bør i hovudsak bestå som grunneining i kyrkja. Tilpassingar kan gjerast der det er naturleg og ønskeleg. Det er likevel viktig at det kan vere stor fleksibilitet i dette, slik at både geografi, storleik og kultur blir vektlagt i vurdering av endra sokneinndeling.

*6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?*

Svar: Ja

*7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?*

Svar: Dersom kommunane etter kommunereformen blir store og robuste nok, kan fellesorganet for fleire sokn, vere eit prostiråd som blir samanfallande med kommunen. Det føreset at prostia både blir store nok til å ha tilstrekkeleg ressursar og samstundes ikkje blir større enn at ein tek vare på tilstrekkeleg nærleik til sokna.

Prosti som er samanfallande med kommune, vil vere ei høveleg eining for eit fellesorgan.

Der kommunane er veldig store må ein kunne dele opp i fleire prosti i ein kommune, slik som no.

*8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?*

Svar: Sokna må ha avgjerande innverknad på spørsmål i den lokale kyrkja. Det betyr at særleg der sokna har ein viss storleik, må det også vere administrative ressursar og ressursar til å utøve åndeleg og strategisk arbeid i sokna.

*9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?*

Svar:

*10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?*

Svar: Det normale/naturlege er at soknepresten er dagleg leiari for verksemda i sokna, men det må vere rom for fleksible ordningar.

*11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?*

Svar: Åndeleg tilsyn og strategisk leiing av heile verksemda

*12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?*

Svar:

*13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?*

Svar: Kyrkjelydane i bispedømet må ha større innverknad på utpeiking av biskopen. Det må vurderast om biskopen skal sitte på åremål, med muligheit for ny periode i bispeembetet.

*14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?*

Svar: Føresett at kommunereformen gir nye kommunar med ein storleik som minimum tilsvarer noverande prosti, kan bispedømmeråda leggjast ned som tilsettingsorgan og forvaltningsorgan. Felles arbeidsgivaransvar for alle som arbeider i soknet, kan leggjast til fellesorgan som i regelen følgjer kommunegrensene.

*15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?*

Svar: Bispedømenivået må ha biskopen med tilsyn og fagstab som skal kome sokna til hjelp i deira arbeid. Dei som arbeider på bispedømenivå kan eventuelt tilsettast av Kyrkjerådet

*16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?*

Svar: Alle tilsette lokalt bør ha same arbeidsgjevar, underlagt eit fellesorgan på justert prostinivå.

*17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).*

Svar:

Arbeidsgjevarfunksjonar bør ikkje delast på ulike organ.

*18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?*

Svar:

Det må vere stor grad av fleksibilitet i ordninga slik at ein finn gode lokale og regionale løysingar. Dei kan vere ulike frå stad til stad. Viktig å ta omsyn til at det er store skilnader på kva som vil vere fornuftig og hensiktsmessig i dette landet. Geografi og avstandar kan gjere at ein må velje ulike måtar å organisere seg på.

Store kommunar må kunne delast inn i fleire prosti.

Små kommunar må kunne gå saman i eit interkommunalt prostiråd med ansvar for fleire sokn.

*19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre vigslede tjenester?*

Svar: Presten må ha ei god ryggdekning for å kunne utøve si prestateneste ut frå eige samvit og i høve til ordinasjonsløftet. Balansen mellom «embete og råd» må førast vidare.

Tenesteordningane må vere med og ivareta dette.

*20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?*

Svar:

*21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?*

Svar:

*22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?*

*23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?*

Svar:

*24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?*

Svar:

*25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?*

Svar:

*26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?*

Svar:

*27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?*

Svar:

*1 medlem i Skodje sokneråd avstod frå å avgi røyst.*

Med helsing

Arnstein Sæthre

administrasjonsleiar i Skodje sokn